



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 13.02.2018
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 11:00 – 15:00

Møtte: Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Arne Bergsvåg, Edmund H. Utne

Forfall: Roald Aga Haug Morten Midlang, Irene Heng Lauvsnes, Arnstein Menes, Marthe Hammer.

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø.

Agenda		
13.02.18:	Kl. 11.00 – 13.00	Sakshandsaming
	Kl. 13.00 – 14.00	Lunsj
	Kl. 14.00 – 15.00	Sakshandsaming

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 01/18 Meldingar
Framlagt 1 melding.

Vedtak:
Styret tek meldinga til vitande

Sak 02/18 Årsmøtesaker – førebuing
Handlingsplan 2019 – 2021

Styret drøfta innhald i handlingsplan. Oppdatert utkast vert sendt ut som saksutgreiing til telefonstyremøte 10. april.

Viktige moment som kom fram i styremøtet:

- Viktig å fokusera på Rv13 og effektar etter opning av Ryfast hausten 2019.
- Hovedmål for 3-årsperioden:
 - Rassikring: Endå sterkare fokus på dette.
 - Oppleving: Fokus på turisme/reiseliv.
 - Bruka fagetaten sine formuleringar i vår argumentasjon.
 - Evt. samarbeid med andre vegselskap som vi kan samanlikna oss med ift. lågt bompengepotensiale.
 - Utfordra fordeling i investeringar store og små vegprosjekt i NTP.

Årsmelding 2017.

Årsmelding vert skriven i samsvar med tidegare mal. Vert sendt ut til telefonstyremøte 10. april.

Rekneskap 2017.

Rekneskap vart framlagt til orientering for styret.

Kontingent 2019.

Kontingent 2018 vert framlagt som nivå og for 2019. Styret tilrår å ikkje auka kontingentnivå i framlegging for årsmøtet.

Val.

Valnemnda har sendt sitt forslag til administrasjonen. Dette vert utsendt før styremøtet 10. april.

Sak 03/18

Årskonferansen 2018 - Status

Hanne orienterte om programmet med hovudoverskriftar og dei programpostar som fortsatt ikkje er heilt avklara.

Førebels program ligg som vedlegg til møtereferatet.

- Bolken «Toppolitisk time» er usikker mht deltaking pga møteendringar i Stortinget. Det blir avklart om det er mogeleg å få inn nokre av dei som har sagt ja frå Stortinget. Viss ikkje får ei god breidde av fylkes- og lokalpolitikarar meir tid i staden.
- Det vart også drøfta om utsetjing av årskonferansen til hausten er eit alternativ, men styret meinte det er det beste om konferansen vert halden som planlagt. Nye møte med Stortingsbenkane kan supplerer konferansen.
- Det må vektleggjast best mogeleg politisk balanse i innlegg på konferansen.

Sak 04/18

Plan for profilering og samarbeid 2018 v/Hanne Sundbø

MRK Vedtektene og Handlingsplanen er overbyggjinga som gjev føringar for plan for profilering og samarbeid.

Hanne orienterte om oppdatert plan.

Sak 05/18

Plan for påverknadsarbeid 2018.

Styret drøfta korleis vi legg opp arbeidet for påverknad mot neste revisjon av NTP. Dette må starta umiddelbart. Oppdragsbrevet til fagetatane vert sendt ut i desse dagar.

Dette arbeid må ha fokus i alle komande styremøte.

Sak 06/18

Kollektivprosjektet «Travel like the locals»

Næringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har engasjert NCE Tourism v/ v/ dagleg leiar Dag Jarle Aksnes til å facilitera dette prosjektet. Det har vore vanskeleg å få kollektivselskapa Kolumbus og Skyss «på banen» i dette prosjektet. Det ser no ut til å løsna ved at det vert halde møter mellom destinasjonsselskapa og kollektivselskapa fylkesvis og NCE skal leia begge desse. Fjordvegen Rute 13 er invitert til å delta på møtet i Hordaland den 7. mars og vi vil be om å få delta også på møtet i Rogaland som skal vera 28. februar.

Sak 07/18

Fast post: Gjennomgang av status for RV13.

Utsett til neste møte.

Sak 08/18

Ymse

Ingen saker.

Jostein Eitrheim
Referent